



Årsmøte 2013



Torsdag 7. februar, Firda vidaregåande skule



Generalsponsor:



Hovudsponsor:



Skotårsgalla 2012 i Trivselshagen.

Sakliste

1. Opning
2. Konstituering
 - Namneopprop
 - Godkjenning av innkalling
 - Godkjenning av sakliste
 - Val av møteleiar
 - Val av møtesekretær
 - Val av to til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar
3. Årsmelding 2012
4. Rekneskap 2012 med revisjonsmelding
5. Innkome saker
Det er ingen innkome saker i år
6. Arbeidsplan 2013
7. Kontingent
8. Budsjett 2013
9. Val
10. Avslutning



17. desember fikk Gloppen janitsjar Gloppen kommune sin kulturpris. Bernt tok i mot prisen, som vart delt ut av nestleiar i kultur- og miljøutvalet Dagfinn Nyhammer.

Innhald

Årsmelding	5
Kontingent	10
Rekneskap	11
Årsmøtesaker	14
Arbeidsplan	14
Budsjett	11
Val	10
Vedlegg:	
Repertoar 2012	15
Gjeldande vedtekter	16
Referat frå årsmøtet 2011	18

Årsmelding

Årsmøtet 2012

Årsmøtet 2012 vart halde på Firda vidaregåande skule onsdag 1. februar. Det møtte 23 medlemmer, og etter årsmøtet såg lista over tillitsvalde slik ut:

Styret

Leiar:	Bernt Reed	ikkje på val
Nestleiar:	Vigdis Henden	ny
Kasserar:	Margunn A. Evebø	ny
Sekretær:	Geir Skagen	ikkje på val
Styremedlem:	Hanne Lyngstad	attval
1. vara.:	Ole Henrik Mølmann	attval
2. vara.:	Arvid Jordanger	attval

Musikkutval

Ole Henrik Mølmann, leiar
Bjørn Inge Solheim
Olav R. Myklebust
Dirigent

Sosialkomité

Didrik Eide
Heidi Fure Klausen
Elin Nikoline Vie

Valnemnd 2013

Eva Fitje Holme
Reidun Kjørvik Førde
Gunnar Eide

Revisorar

Didrik Eide og Heidi Fure Klausen



På sitt eige avslutningsarrangement for sommaren - Bakkerock - mottok Jon G. Eide utnemninga æresmedlem av Gloppen janitsjar.

(Foto: Heidi Fure Klausen)

Årsmelding

Aktivitetar i 2012

- | | |
|----------------|--|
| 13.-15. januar | Øvingshelg på Sandane |
| 21. januar | Taffelmusikk (husorkesteret) på «Nyttårsfest» på Gloppen hotell |
| 1. februar | Årsmøte |
| 3. mars | Nyttårskonsert med Nordic Tenors i kultursalen, Trivselshagen på Sandane. To framsyningar. |
| 22. mars | Speling på skulekorpsbasar i Hyen |
| 3. april | Påskebasar i Breim |
| 3. mai | Speling i gatene på Sandane under langope |
| 6. mai | Oppmarsj Breimstafetten |
| 17. mai | Speling på Sandane, Breim, Rygg, Austrheim og Vereide |
| 6. juni | Grendekonsert i Hestenesøyra |
| 8. juni | Speling på Songarstemne |
| 8. juni | Sosial samling - «Bakkerock» på Eide |
| 18. august | «Gloppen janitsjar Open» i golf (med kveld på stabburet) |
| 22. august | Sesongstart |
| 13. september | Sponsorspeling for SFE på Sandane |
| 4. november | Speling på Breim skulekorps sin korpsbasar |
| 11. november | Speling på Sandane skulekorps sin korpsbasar |
| 2. desember | Førjulstreff i Aulaen |
| 16. desember | Julekonsert i Breim kyrkje |
| 19. desember | Julekonsert i Vereide kyrkje |
| 24. desember | Musikantar frå korpset spelar på ulike julearrangement |

Interne markeringar

50 års-jubilant Vigdis Henden, 27. januar, vart markert med kake på øving.

Styret sitt arbeid

Styret har hatt sju møte i perioden og handsama 29 saker. Ein del saker er delegert til eigne utval Det har vore vanleg for styret, når det hastar, å samlast i samband med øvingar for å drøfte aktuelle saker. Det har vore eitt medlemsmøte i perioden.



Kjole og kvitt er sjekka og klart i familien Lyngstad under generalprøven for Skotårsgalla.



Stor stemning og to nesten fulle hus då Nordic tenors var gjestar på Skotårsgallaen i mars.



Sommarkveld og fin stemning på Bakkerock.

Årsmelding



«Operakomponist»
Gunnar Eide gjer entré.

Av saker som har vore oppe kan nemnast:

- Stabilitet i oppmøte, ro og orden på øvingar
- Rekruttering
- Prosjekt for sesongen 2013, mellom anna Astrid Lindgren-prosjektet

Året slik det gjekk

Dei første månadane var klart prega av Skotårsgalla 2012 med Nordic Tenors som gjestar. Dei to framsyningane gjekk for nær fullsette hus i kultursalen i Trivselshagen og solid applaus og mykje god omtale gjorde at korpset er særns nøgde med arrangementet. «*Eit show av det sjeldne slaget, og det er berre å ta av seg hatten for alt arbeidet janitsjaren har lagt ned*» skreiv Firda Tidend etterpå.

Våren vidare var prega av dei faste postane med speling på skulekorpsbasaren i Hyen som første post. Deretter kom Påskebasaren i Breim, oppmarsj på Breimstafetten, og speling i Sandane sentrum i samband med langope i mai. Tradisjonen med oppmarsj og speling ved flaggheising klokka 8 var i år avvikla av 17. mai-komiteen på Sandane. Korpset møtte og spelte til flaggheising og oppstilling av barnetoget ein time seinare. Grendekonserten for året gjekk på Hestenesøyra og bygdefolket stilte med kaker og kaffi. Siste speling på vår-sesongen var oppmarsjen i samband med Austrheim mannskor sitt songarstemne.

Same kveld var det avsluttande sosial samling hjå Jon G. Eide, «BakkeRock», som på Hestenesøyra to dagar før hadde takka for seg og avslutta eit heilt liv i korpsmusikken. Han vart kanskje overraska, men det var vel fortent, då han den fine junikvelden fekk tildelt æresmedlemsskap i Gloppen janitsjar.

I juni får også vår slagverkar Torgrim Halse pengar frå Draumestipendet, som ein av fem frå Sogn og Fjordane. Draumestipendet er eit samarbeid mellom Norsk kulturråd og Norsk tipping. Stipendet var på 10.000 kroner.

Hausten starta med nyskapningen Gloppen janitsjar open i golf med sosial samling på stabburet på Eide etterpå. Korpssesongen startar 22. august med knapt 25 musikarar på plass. Det vert avgjort at vi ikkje skulle satse på NM i 2013. Ein del andre prosjekt-tankar som stranda gav ein roleg haust. Øvingshelga i september vert avlyst og det einaste oppdraget på hausten er sponsorspeling på SFE. I slutten av oktober flyttar korpset øvingsdag attende til torsdagane.



Grendekonsert på Hestenesøyra tidleg i juni.

(Foto: Mariann Johansen)



Ein nydeleg junikveld med god stemning då sesongen vart avslutta på Bakkerokk med Jon G. Eide som vertskap. (Foto: Mats Klausen)



Fungerande konsernsjef i Sogn og Fjordane Energi, Asgeir Aase, fekk slå bekken med korpset då vi spelte for generalsponsorane våre i september.

(Foto: Arnfinn Brekke)



Leiar i 17. mai-komiteen på Sandane, Roar Henden, overrekker 5000 kroner for korpset sin innsats på nasjonaldagen.

Årsmelding

Utover hausten kjem det fleire medlemmer til, og ved årsskiftet er korpset igjen over 30 medlemmer. I november bidreg korpset musikalsk på basarane til skulekorpsa i Breim og på Sandane før vi tradisjonen tru held vårt eige førjultreff første søndag i advent. Så spelar vi jula inn i kyrkjene i Breim og på Vereide.

17. desember vert Gloppen janitsjar tildelt Gloppen kommune sin kulturpris for 2012. Bernt tek i mot prisen som vert delt ut av nestleiar i kultur- og miljøutvalet Dagfinn Nyhammer. På nettsidene til kommunen heiter det at «*Gloppen Janitsjar mottok prisen til stor applaus i kommunestyret*». Nyhammer gjev vinnaren gode skussmål: «*Vi er veldig stolte av å ha Gloppen Janitsjar. Dei er ein fenomenal trivselsfaktor i kommunen vår. Ikkje minst er det eit fantastisk korps der ungdomar frå for eksempel skulekorpsa kan gå rett inn i for å dyrke speleinteressa si vidare*» sa han.

Gjennom Norsk Tipping sitt «Grasrotfond» fekk Gloppen janitsjar gjennom året inn 7155 kroner. Ved årsslutt hadde korpset 43 registrerte «medspelalar».

Instrument

Det er ikkje kjøpt instrument i 2012, men det er gjort ein del vedlikehald på instrument vi har.

www.gloppenjanitsjar.no

Nettsida gloppenjanitsjar.no held korpset sine medlemmer og andre informasjon om aktivitetar og arrangement. Korpset brukar også ein profil på sosiale medie for å marknadsføre seg sjølve og arrangement vi set i gang.

Representasjon i perioden

Bernt er med i valkomiteen for NMF Nordvest.

Medlemmar

Ved utgangen av 2012 har korpset 34 medlemmer innmeldt i NMF. Det er det same talet som ved utgangen av 2011. To av desse er medlemmer som er slutta (Arvid og Jon G) men som ikkje let seg melde ut av det sentrale dataregisteret lokalt. Det reelle medlemstalet var dermed 32 medlemmer.

Klarinett

Britt Rønnekleiv Mølmann, Elin Nikoline Vie, Geir Skagen, Hanne Lyngstad, Martin Lyngstad, Olianne Randi Holme, Solveig Tørudstad, Susanne Gåsemyr



Hakkespetten på Skotårsgalla.

Årsmelding



Roger Andreas er solist på grendekonserten på Hestenesøyra.

(Foto: Mariann Johansen)

Æresmedlemer i Gloppen janitsjar

Alf Enebø
Odd Hansen
Lars Alander
Martin Lyngstad
Nyfrid Eide
Jon G Eide

Bassklarinet

Gudmar Eikenes

Saksofon

Didrik Eide, Margunn A. Enebø, Reidun Kjörvik Førde, Roger Andreas Holme

Trompet / kornett

Janne-Elin Larsen, Heidi Fure Klausen, Håvard Nordvik, Per-Helge Enebø

Horn

Eva Fitje Holme, Martha Sundal Engeland, Vigdis Henden

Trombone

Bjørn Inge Solheim, Janne Merete Bøyum, Jenny Hysing, Odd Hansen

Baryton

Ingrid Sundal Søreide, Linda Pupe Støyva, Olav R. Myklebust

Tuba

Bernt Reed, Gunnar Eide, Ole Henrik Mølmann

Dirigent

John Rune Ødven

Desse byrja i 2012:

Olianne Randi Holme, Susanne Gåsemyr, Janne-Elin Larsen, Per-Helge Enebø, Janne Merete Bøyum, Jenny Hysing, Odd Hansen

Desse slutta i 2012:

Benedikte Vederhus, Espen Hjelmeland, Henrik Y. Runshaug, Ingvild Førde, Arvid Jordanger, Jon G. Eide, Torggrim Halse

Korpset takkar:

Gloppen janitsjar takkar generalsponsor SFE og hovudsponsorar Sparebanken Sogn og Fjordane for god støtte.

Korpset takkar også i år vår kanskje viktigaste støttekomite, som brukar tysdagskveldar og ledig tid og legg ned eit stort arbeid gjennom året, særleg opp mot Julelotteriet og Påskebasaren.

Takk også til dirigent John-Rune Ødven for tolmodig arbeid gjennom året.

Sandane 29. januar 2013

Bernt Reed, leiar

Geir Skagen, sekretær

Vigdis Henden, Margunn A. Enebø, Hanne Lyngstad, Ole Henrik Mølmann



Familien Holme er klare for årekjøp på førjulstreffet.



Oppstilling til ære for lokalavisjournalisten etter at kulturpristildelinga er eit faktum.



Siste speling med gjengen. Jon G. Eide har spelt i korps i nær 70 år. På Hestenesøyra melde han at no var det slutt.



Ut frå Heradsplassen med barnetoget 17. mai.

Kontingent

Kontingenten i Gloppen Janitsjar vart i 2009 auka til 500,- kroner for vaksne og 250,- for skuleelevar. Styret ser ingen grunn til å auke kontingenten.

Framlegg til vedtak: Kontingenten i Gloppen Janitsjar er kroner 500,- for vaksne og kroner 250,- for skuleelevar.

Val

Valnemnda si innstilling

Styret

Leiar:	Bernt Reed	Attval
Nestleiar:	Vigdis Henden	Ikkje på val
Kasserar:	Margunn A. Evebø	Ikkje på val
Sekretær:	Geir Skagen	Attval
Styremedlem ¹ :	Hanne Lyngstad	Ikkje på val
1. vara.:	Ole Henrik Mølmann	Attval
2. vara.:	Linda Pupe Støyva	Ny

Musikkutval

Ole Henrik Mølmann, leiar	Attval
Bjørn Inge Solheim	Attval
Olav R. Myklebust	Attval
Dirigent	

Sosialkomité

Didrik Eide	Attval
Heidi Fure Klausen	Attval
Elin Nikoline Vie	Attval

Revisorar

Didrik Eide og Heidi Fure Klausen	Attval
-----------------------------------	--------

Styret si innstilling

Valnemnd 2014

Reidunn Kjörvik Førde	Attval
Gunnar Eide	Attval
Eva Fitje Holme	Attval



Det er stor detaljrikdom på dei nissehusa som vert lodda ut.

1) Til vervet som styremedlem ligg det å vere materialforvaltar.

Rekneskap og budsjett



Det er gjort klart for ei ny runde åresal.

Inntekter	Budsjett 2012	Rekneskap 2012	Budsjett 2013
3011 Medlkont/Uniform/Instrumentleige	kr 26 000,00	kr 26 150,00	kr 26 000,00
3040 Offentleg speling	kr 5 000,00	kr 11 500,00	kr 5 000,00
3050 Dugnad			kr 15 000,00
3070 Julebasar	kr 48 000,00	kr 45 810,00	kr 48 000,00
3080 Påskebasar	kr 40 000,00	kr 43 131,00	kr 40 000,00
3090 Hovudlotteri	kr 50 000,00	kr 50 000,00	kr 50 000,00
3100 17.mai speling / Buss	kr 15 000,00	kr 18 416,00	kr 17 000,00
3110 Gåver	kr 7 000,00	kr 15 583,00	kr 5 000,00
3120 NMF VO-midlar	kr 8 000,00	kr 17 051,00	kr 10 000,00
3130 Norsk Tipping	kr 6 000,00	kr 6 850,25	kr 7 000,00
3140 Sponsor	kr 35 000,00	kr 35 000,00	kr 35 000,00
3150 Kulturmidlar	kr 10 000,00	kr 20 000,00	kr 10 000,00
3160 Skotårsgalla 2012	kr 130 000,00	kr 120 078,00	
3170 MVA komp. 2010	kr 10 000,00		kr 13 500,00
3190 Eigenandel Øvingshelg	kr 30 000,00	kr 1 465,00	kr 30 000,00
3200 Nordvest Meisterskapen 2013			kr 25 000,00
3210 NM Janitsjar			
3220 Astrid Lindgren	kr 10 000,00		kr 70 300,00
3230 Sommarnatt ved fjorden			kr 50 000,00
8040 Renteinntekter	kr 200,00	kr 805,00	kr 450,00
SUM INNTEKTER	kr 430 200,00	kr 411 839,25	kr 457 250,00

Rekneskap og budsjett

Utgifter		Budsjett 2012	Rekneskap 2012	Budsjett 2013
4010	Instrument	kr 43 000,00	kr 16 212,00	kr 43 000,00
4020	Notar	kr 21 000,00	kr 26 436,98	kr 21 000,00
4030	Uniform	kr 5 000,00		kr 5 000,00
5850	Gåver / Blomar	kr 5 000,00	kr 2 344,90	kr 4 500,00
6210	Husleige	kr 10 000,00	kr 17 500,00	kr 17 500,00
6240	Instruksjon	kr 95 000,00	kr 97 160,00	kr 105 000,00
6650	Øvingshelgar	kr 35 000,00	kr 4 295,00	kr 40 000,00
6710	Administrasjon	kr 5 000,00	kr 4 102,50	kr 5 000,00
6720	Hovedlotteri		kr 10 811,00	kr 15 000,00
6730	Påskebasar	kr 20 000,00	kr 14 724,70	kr 15 000,00
6740	Julebasar	kr 30 000,00	kr 17 380,80	kr 18 000,00
6770	17.mai Buss	kr 15 000,00	kr 16 134,00	kr 17 000,00
7030	NordVest-Mesterskap 2013			kr 30 000,00
7040	Korpstur NM 2011	kr 20 000,00	kr 20 112,50	
7050	Musikkleir	kr 10 000,00	kr 7 500,00	kr 10 000,00
7060	Astrid Lindgren			kr 55 000,00
7070	Sommarnatt ved fjorden	kr		kr 35 000,00
7160	Skotårsgalla 2012	kr 100 000,00	kr 94 636,86	
7410	NMF Kontingent	kr 10 000,00	kr 9 175,00	kr 10 000,00
7510	Forsikring	kr 6 000,00	kr 4 776,00	kr 6 000,00
7720	Årsmøte / Leiarsamling NMF			kr 5 000,00
7790	Diverse		kr 9 524,00	
8190	Finanskostnader	kr 200,00	kr 241,00	kr 250,00
SUM UTGIFTER		kr 430 200,00	kr 373 067,24	kr 457 250,00



Æresmedlemmer og trombonekameratar.



Fin stemning mellom finmessingen.

Rekneskap og budsjett

ÅRSAVSLUTNING 2012

Inntekter	Utgifter	Overskot
kr 411 839,25	kr 373 067,24	kr 38 772,01
Bank 01.01.2012	kr 134 766,39	
Overskot 2012	kr 38 772,01	
Bank 31.12.2012	kr 173 538,40	

Gloppen Janitsjar, Sandane 19.01.2013, Margunn Ebebø, kasserar

Nokre rekneskapstal	Inntekt	Utgift	Netto
Skotårgalla 2012	kr 120 078,00	kr 94 636,86	kr 25 441,14
Påskebasar	kr 37 118,50	kr 16 681,18	kr 20 437,32
Hovedlotteri	kr 50 000,00	kr 10 811,00	kr 39 189,00
Julebasar	kr 45 810,00	kr 18 280,80	kr 27 529,20

Kommentarar til tala:

- Rekning for buss til NM 2011 kom i januar 2012 og utgjorde kr 20.112,50
- Rekning for buss speling julaftan 2012 kr 2.763,- kom i januar 2013
- Kulturmidlar gjeld kr 10.000 for 2011 og kr 10.000 for 2012
- Kontingent. Kr 5.400 gjeld kontingent for 2011-12.
- Ein person har betalt dobbelt for 2012-13 kr 1.050,- og manglande innbet av kontingent for 2012-13 kr 5.650
- MVA komp vart ikkje utbetalt før i jan 2013 og utgjer 12.677 som kjem på neste år
- Vo midlar. Her er rest 2010 + 2011 og 2012. Totalt kr 17.051,-
- Norsk Tipping rest 2012 utbetalt i jan 13 utgjer kr 2.859,90
- Solglimt, rekning for trykking av lodd til hovedlotteri, kr 2.500 motteke i jan 13
- Kreditnota Musikk Miljø as kr 845,-

REVISJONSMELDING

Rekneskapen er revidert og funnen rett i følge bilag

Sandane, 23. januar 2013, Heidi Fure Klausen (sign), Didrik Eide (sign)



Revidert og funnen rett.



Stil og sjarm i «Godis»-disken på førjulstreffet.



- Det sit ein vinnar der. Åresalet samlar godt med folk og held stor fart på førjulstreffet

Sak 5

Innkomne saker

Det var ikkje kome inn framlegg til årsmøtesaker frå medlemmane innan fristen gjekk ut 15. januar.

Sak 6

Arbeidsplan

2013
Vår

Øvingshelg 26.-27. januar
Skulekorpsbasar i Hyen
Påskebasar i Breim
Breimsstafett
Lindgren-konsert 28.april
17.mai
Sommarnatt ved fjorden 9.juni

Haust

Øvingshelg i september
Nordvest/Sogn- og Fjordane-meisterskap i november
Førjulstreff i Aulaen 1.desember
Julekonsertar

2014
Vår

Skulekorpsbasar i Hyen
NM
Påskebasar i Breim
Breimsstafett
17.mai
Sommarnatt ved fjorden
+ fin avslutning

Haust

Moro på tur?



Nisseorkesteret / husorkesteret vårt.



Alltid flotte premiar på janitsjaren sine basarar, ikkje minst fordi korpset har ei viktig og aktiv støttegruppe som heklar og syr, snekrar og målar populære premiar.



Dei tre tenorane i Nordic Tenors sparte ikkje på innlevinga når dei presenterte klassiske populær- og operaperler.

Repertoar 2012



Noko avventande og skeptisk i møte med janitsjaren på Bakkerock.

Also sprach Zarathustra
Alt for Norge
Amor ti vieta
Anthem
Betlehems stjerne (Widéen)
Bryllupsdag på Troldhaugen
Champagner-galopp
Colonel Bogey
Csardas
Den norske løve
Fagert er landet
Fallskjermjägermars
Gammel jegermarsj
General Cederschiöld
Gled deg, du jord
Himlen i min favn
Holmenkollmarsjen
Jodlermelodi
Joleklokker
Kom no med lovsang
Kronprins Olavs honnørmarsj
Latin Sun
March of the trolls
Nordfjordsongen
Nordnorsk julesalme
Norge i rødt, hvitt og blått
Norsk Turnermarsj
Nå vandrer frå hver en verdenskrok
One trick pony overture
Only you
Opera Medley
Poirot theme

Samba Loco
Silent Night
Somewhere out there
Soulfully
Strike up the band
Surdato Namorato
The Booster
The Duck and the Woodpecker
The girl in satin
Ticket to ride
Tritsch-tratsch polka
Under the Double Eagle
Våren
You`ll never walk alone



Husorkesteret stilte med taffelmusikk på Gloppen hotell sin «Nyttårsfest» i januar.



Alltid like viktig og hyggeleg hjelp frå damene i «Dameklubben», både til arbeid med vinstar, og når vi har ulike arrangement.

Vedtekter for Gloppen Janitsjar

Vedlegg 2

§1 ORGANISASJON

Gloppen Janitsjar, skipa 4. september 1986, er tilslutta Norges Musikkorps Forbund gjennom NMF region Nordvest. Gloppen Janitsjar er ei samanslåing av Sandane Hornmusikk skipa 2. november 1892, og Breim Hornmusikk skipa 22. september 1945.

§2 FORMÅL

2.1 Musikk

Ta vare på og utvikle korpsmusikk gjennom opplæring, motiverande aktivitetar og organisering. Drive tilleggsaktivitetar som ensemblespel, storband og liknande når det er interesse for det.

2.2 Sosial aktivitet

Ta vare på og utvikle korps- og organisasjonsarbeid som aktivitet.

2.3 Informasjon

Informere utad om korpset og Norges Musikkorps Forbund sine aktivitetar, fremme forståing for korpsa sine kulturelle, sosiale og oppdragande verdi.

2.4 Musikkpolitikk

Ta vare på korpset sine interesser i det lokale musikk- og kulturliv. Følgje opp dei overordna musikkpolitiske retningslinene som NMF set opp.

2.5 Arrangement

Gje musikarar, dirigentar og tillitsvalde tilbod om kurs. Arrangere og delta på konsertar, stemne/festivalar, konkurransar og andre arrangement.

2.6 Utviklingsarbeid

Utvikle og betre musikkfagleg og organisasjonsfagleg opplæring i samarbeid med skuleverket, kulturskolen, NMF og andre organisasjonar.

Ta initiativ til nødvendig organisasjonsmessig utvikling, omstilling og samarbeid med andre korps og musikklivet elles.

§3 MEDLEMSKAP

3.1 Opptak av medlemmar

Aktive amatørmusikarar og ikkje utøvande personar kan takast opp som medlemmar. Dette skjer gjennom korpssstyret.

3.2 Organisering av korpset

Korpset følgjer forbundet sine gjeldande aldersgrenser.

Utøvande medlemmar frå skulekorps kan takast opp som aspirant frå 1. august det året han/ho fyller 15 år. Medlemsplikter i aspiranttida skal oppfyllest i høve til skulekorpset.

Medlemmar kan takast opp frå 1. august det året dei fyller 16 år.

Nye medlemmer vert automatisk ført inn som medlem i NMF. Dette skal gjerast ved å bruke gjeldande NMF-skjema for medlemskap, og vert lagt inn i NMF sin medlemsbase. Er det endringar i dei registrerte opplysingane pliktar kvar einskild medlem å orientere styret om dette snarast. Det er ikkje høve til å reservere seg mot registrering.

Styremedlemer må vere medlem i NMF. Faste dirigentar og faste instruktørar skal registrerast i NMF sin database. Tvistar i samband med dette vert avgjort av regionstyret.

3.3 Føresetnader for medlemskap

a) Korpsmedlemmane må halde korpset NMF sine vedtekter, reglar og lovlege vedtak.

b) Medlemmene skal møte på øvingar, konsertar og andre oppdrag til avtala tid. Dersom eit medlem ikkje kan møte skal leiar/dirigent varslast så tidleg som råd.

c) Instrument, uniform og utstyr skal haldast i god stand. Uforsiktig behandling kan medføre økonomisk ansvar.

d) Deltaking i andre korps eller bruk av korpset sine egedelar i andre musikkaktivitetar må godkjennast av styret.

3.4 Kontingent og rapportering

Korpsåret følgjer kalenderåret. Medlemsregistrering, innrapportering til NMF og kontingentbetaling skal sendast NMF på avtala skjema/medium til gjeldande fristar. Det er ikkje høve til å reservere seg mot registrering. Korpset skal betale kontingent til NMF innan 1. februar etter tal registrerte medlemmar pr. 31. desember.

3.5 Permisjon

Styret kan gje medlemmer som søker om det permisjon frå spelning i korpset i inntil eitt år. I permisjon har medlemmet likevel dei plikter og rettar som ordinær medlem

3.6 Utmelding

Medlemmar som ynskjer å melde seg ut, må gje melding om dette til leiinga i korpset. Ved utmelding skal det samstundes skje utmelding frå NMF. Utmelding bør ikkje skje i løpet av korpset.

3.7 Suspensjon og eksklusjon

a) Medlemmar som ikkje rettar seg etter gyldige vedtekter, reglar og vedtak, eller er til skade for korpset sin aktivitet, kan styre suspendere for eit bestemt tidsrom. I grovare tilfelle kan årsmøtet vedta eksklusjon.

b) Vedtak om suspensjon og eksklusjon kan ankast inn for regionstyret.

§4 ÅRSMØTE

4.1 Status

Årsmøtet er Gloppen Janitsjar si høgaste myndigheit.

4.2 Årsmøteperiode, innkalling og saker til årsmøtet

a) Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av februar.

b) Det skal kallast inn til ekstraordinært årsmøte dersom styret

c) eller 1/3 av medlemmane krev det.

d) Innkalling skal sendast ut minimum to veker før ordinært årsmøte, og ei veke før ekstraordinært årsmøte.

e) Årsmelding, revidert rekneskap, valkomiteen si innstilling og andre saker til behandling på årsmøtet skal sendast ut seinast ei veke for årsmøtet.

f) Medlemmar må fremme saker til årsmøtet gjennom styret. Slike saker må vere kome til styret seinast ei veke for årsmøtet skal haldast. Styret pliktar å leggje saker som kjem inn i rett tid fram for årsmøtet.

4.3 Representasjon, rettar og voteringar

a) På årsmøtet deltek korpset sine medlemmar og gjester invitert av styret.

b) Desse har stemmerett: Utøvande medlemmar som oppfyller sine medlemsplikter. Styremedlemmer i alle saker, unnateke ved handsaming av årsmelding og rekneskap.

c) Representantar for NMF har talerett. Årsmøtet kan gje talerett til den det matte ynskje.

d) Gyldig vedtak krev absolutt fleirtal (over halvparten av dei avgjevne stemmene) dersom noko anna ikkje er bestemt i vedtektene.

e) Årsmøtet er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades.

4.4 Årsmøtet sin dagsorden

Årsmøtet skal behandle følgjande saker:

1) Konstituering

a) Opning

b) Namneopprop

Vedtekter Gloppen janitsjar

- c) Godkjenning av innkalling
 - d) Godkjenning av dagsorden/sakliste
 - e) Val av møteleiar
 - f) Val av årsmøterefereent
 - g) Val av to til å skrive under protokollen
- 2) Godkjenning av årsmelding
 - 3) Godkjenning av avslutta og revidert rekneskap med revisjonen sin merknad.
 - 5) Saker framsett av styret
 - 6) Saker framsett av medlemmar
 - 7) Kontingent
 - 8) Budsjett
 - 9) Val av styre som består av:
 - Leiar
 - Nestleiar - Kasserar - Sekretær
 - Styremedlem
 - 1 og 2. varamedlemAlle, med unntak av varamedlemene, vert valde for to år, men likevel slik at to eller tre vert valde kvart år.
 - 10) Val av to revisorar for eitt år.
 - 11) Val av tre medlemmar til valkomite for eitt år.
 - 12) Val av utsendingar til NMF avd. Sogn og Fjordane sitt 2-årige årsmøte
 - 13) Val av musikkutval
 - 14) Val av sosialkomite

Valbare til verv er dei frammøtte representantane eller andre medlemmar som har sagt seg villig til å motta verv. Dei som skal veljast må ha gyldig medlemskap. Vala skal skje skriftleg dersom nokon krev det.

§5 STYRET

5.1 Samansetning

Styret består av: Leiar, nestleiar, kasserar, sekretær, styremedlem og varamedlemar.

5.2 Fullmakter

- a) Styret leiar korpset etter dei vedtak årsmøtet har gjort. Leiaren eller den styret gjev fullmakt teiknar korpset.
- b) Styret har fullmakt til å oppnemne dei utval og komitear det finn trong for.

- c) Styret har fullmakt til å revidere og utforme dei reglar og instruksar det er behov for i tilknytning til desse vedtektene og for å presisere og regulere korpset sitt ansvar og aktivitetar.

5.3 Innkalling til styremøte - vedtak

- a) Styret vert innkalla når leiaren eller tre styremedlemmar krev det
- b) Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmar er til stades.
- c) Styrevedtak skal protokollførast og korpssmedlemmane skal gjerast kjent med dei vedtak som er gjort.

5.4 Avslutning

Styret skal utarbeide årsmelding og avslutte rekneskapen for kvar årsmøteperiode. Årsmelding og revidert rekneskap skal leggast fram for årsmøtet til godkjenning.

5.5 Personalansvar

Styret føretek engasjement, tilsetjing, oppseiing og gjev avskjed og har fullmakt til å inngå løns- og arbeidsavtaler Styret er ansvarleg for å innhente politiattest for på dei som har tillits- eller ansvarstilhøve overfor mindreårige eller utviklingshemma. Styreleiar utøver dagleg personalansvar.

5.6 Beredskapsplan for korpset

Styret pliktar å forholde seg til beredskapsplan for korpset når korpset er på tur og deltek på arrangement.

§6 MEDLEMSMØTE

Medlemsmøtet er forum for informasjon og drøftingar og løysing av konflikhtar for korpset sine medlemmar. Det skal haldast medlemsmøte når styret eller korpset sine øvrige medlemmar ber om det.

§7 KOMITEAR

7.1 Revisjon

Revisjonen skal gjennomgå rekneskapen for kvart år og leggje fram revisjonsmelding for årsmøtet.

7.2 Valkomiteen:

Valkomiteen skal finne fram til valbare kandidatar til dei ulike tillitsverv slik det går fram av paragraf 4.4, og leggje komiteen si innstilling fram for årsmøtet.

§8 OPPLØYSING OG UTMELDING AV NMF

8.1 Oppløysing

Oppløysing av korpset kan berre gjerast av to påkvarandre følgjande ordinære årsmøte. Vedtaka krev 2/3 fleirtal i eit lovleg sett årsmøte.

8.2 Korpset sin midlar og aktiva

I tilfelle oppløysing, skal korpset sine midlar plasserast i bank på sperra renteberande konto som vert disponert av NMF avdeling Nordvest, kulturutvalet eller kulturskulen i kommunen til nytt korpset er oppretta, og som då overtek midlane. Korpset sine øvrige aktiva skal opp-bevarast på forsvarleg måte og disponerast på same måte som nemnd i første setning. Denne bestemmelsen gjeld ikkje ved samanslåing av korpset.

8.3 Overføring av midlar og aktiva

Det siste ordinære årsmøtet kan bestemme at korpset sine midlar og eigedom skal overførast til eit anna korpset, musikk-skule eller til musikkføremål i grunnskulen dersom nytt korpset ikkje reorganiserast innan tre år.

8.4 Utmelding av NMF

Ved utmelding av forbund må det gjerast vedtak på to påfølgjande årsmøte med minst ein månads mellomrom. Gyldig vedtak krev minst 2/3 fleirtal. Utmelding må skje innan 15.november for at den skal gjelde frå 1.januar neste år. Ved utmelding vert all rett til NMF sine verdiar, tapt.

§9 VEDTEKSENDRINGAR

Årsmøtet kan endre desse vedtektene med 2/3 fleirtal.

Er det usemje om korleis vedtektene skal forståast skal usemja leggast fram for regionstyret med forbundsstyret som ankeinstans.

Ikrafttreding:

Desse vedtektene gjeld frå 6. april 1991, dei er revidert i april 1995 og 2007, og sist endra på årsmøtet 1. februar 2012.



Referat frå årsmøtet 2012

i Gloppen Janitsjar onsdag 1. februar 2012 klokka 2030 på Firda vidaregåande skule

Leiar Bernt Reed opna årsmøtet og tok opprop.

Til stades ved opninga: Britt Rønnekleiv Mølmann, Elin Nikoline Vie, Geir Skagen, Hanne Lyngstad, Martin Lyngstad, Gudmar Eikenes, Didrik Eide, Ingvil Førde, Reidun Kjørvik Førde, Arvid Jordanger, Heidi Fure Klausen, Eva Fitje Holme, Martha Sundal Engeland, Vigdis Henden, Bjørn Inge Solheim, Jon G. Eide, Ingrid Sundal Søreide, Linda Pupe Støyva, Olav R. Myklebust, Bernt Reed, Gunnar Eide, Ole Henrik Mølmann, John Rune Ødven

Det er 23 medlemmar til stades ved starten av årsmøtet.

- 22 frå sak Kontingent, Heidi Fure Klausen måtte forlate møtet
- 20 frå sak Budsjett - Olav R. Myklebust og Elin Vie måtte forlate møtet

Sak 1: Konstituering

Godkjenning av innkalling og sakliste

Dato for årsmøtet var kunngjort på øving i korpset 11. januar, og gjort offentleg kjent på korpset sine nettsider 14. januar. Sakliste og årsmøtepapir var gjort tilgjengeleg for medlemmane på epost måndag 30. januar.

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjent.

Val av møteleiar

Bernt Reed vart foreslått som møteleiar. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Bernt Reed er møteleiar

Val av møtesekretær

Geir Skagen vart foreslått som møterefereent. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Geir Skagen er møterefereent

Val av to personar til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar

Det vart gjort framlegg om at Gunnar Eide og Ole Henrik Mølmann signerte møteprotokollen saman med leiar. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Gunnar Eide og Ole Henrik Mølmann signerer møteprotokollen saman med leiar.

Sak 2: Årsmelding

I 2011 var det deltaking på NM i Trondheim i april som vart det største arrangementet. Janitsjaren var også sentrale ved opning og avslutning då NM i friidrett på Byrkjelo gjekk av stabelen i august. Elles vart det eit travelt år på den lokale arena, med heile 15 speledagar ulike stadar i kommunen.

Årsmeldinga vart gjennomgått side for side og det kom ingen endringar.

Vedtak: Årsmeldinga for sesongen 2011 er godkjent.

Sak 3: Rekneskap med revisjonsmelding

Rekneskapan vart lagt fram med eit overskot på kr 36 726,07 kroner.

Revisorane har gått gjennom rekneskapan og har nokre kommentarar til kontoføringane. Kommentarene hadde ikkje innverkan på resultat, og var retta i det rekneskapet som var lagt fram for årsmøtet.

Kasserar Reidun Kjørvik Førde orienterte om dei ulike punkta i rekneskapan og svarte på spørsmål. Det kom ingen kommentarar til rekneskapan.

Vedtak: Rekneskap for 2011 er godkjent utan merknad.

Sak 4: Innkomne saker - Vedtektsendringar

Styret fremma ei sak til årsmøtet om endringar i vedtektene. Endringane er ei tilpassing til NMF sine mønstervedtekter, og får ingen særlege praktiske konsekvensar i høve til dei vedtektene korpset har i dag.

Vedtak: Framlegget til nye vedtekter vart vedtektne som dei låg føre.

Sak 5: Arbeidsplan

Styret og musikkutvalet har sett opp eit framlegg til arbeidsplan for inneverande arbeidsår og nokre hovudmål i eit toårsperspektiv. På våren er det viktigaste arrangementet Skorårsgalla først i mars og ein vårkonsert i mai/juni. Til hausten vert arbeidd med ein samarbidskonsert med Breimskoret. Våren 2013 er det foreslått Sommarnatt ved fjorden, men ikkje deltaking på NM slik det ville ha vore om ein vidareførte toårssyklusen ein har hatt sidan 2007.

Styret inviterte årsmøte til ei dialog om ambisjonsnivå, satsingsfelt og mannskapssituasjonen. Medlemmane ønskjer å ha utfordringar og satsingar ut over dei faste arrangementa, og ønskjer at styret og musikkutvalet ser på dette løpande opp mot korpset sitt mannskap og kapasitet til ei kvar tid.

Framlegget vert retningsgjevande og det var samrøystes semje om tiltaka i årsmøtet.

Vedtak: Arbeidsplanen er godkjent.

Sak 6: Kontingent

Kontingenten i Gloppen Janitsjar vart heva til 500 kroner for vaksne og 250 kroner for skuleelevar i 2009, og styret foreslo å halde fast på dette.

Vedtak: Kontingenten i Gloppen Janitsjar vert kroner 500,- for vaksne og kroner 250,- for skuleelevar.

Sak 7: Budsjett

Styret presenterte eit budsjett for komande sesong som er balansert på 430 200,- kroner. Budsjettet speglar satsinga til korpset, med mellom anna overskot frå Skotårsgalla og fellesarrangementet med Breimskoret ligg inne.

Vedtak: Budsjettet for 2012 vart godkjent med endringar, og balanserer no på 430 200,- kroner.

Sak 8: Val

I styret står nestleiar Gunnar Eide og kasserar Reidun Kjørvik Førde og styremedlem Hanne Lyngstad på val i år. Dei to førstnemnde har begge takka nei til attval, medan Hanne har sagt ja til valnemnda for ei periode til. 1. vara Ole Henrik Mølmann står også på var, men har sagt ja til attval for ei ny periode.

Torgrim Halse skal vidare på skule held ikkje fram i musikkutvalet. Valnemnda foreslår Olav R. Myklebust som ny i utvalet.

Valnemnda ved Ingrid Sundal Søreide presenterte dette framlegget til styre og utval:

Styret

Leiar: Bernt Reed	
Nestleiar: Vigdis Henden	Ny
Kasserar: Margunn A. Evebø	Ny
Sekretær: Geir Skagen	
Styremedlem1: Hanne Lyngstad	Attval
1. vara.: Ole Henrik Mølmann	Attval
2. vara.: Arvid Jordanger	Attval

Musikkutval

Ole Henrik Mølmann, leiar	Attval
Bjørn Inge Solheim	Attval
Olav R. Myklebust	Ny
Dirigent	

Sosialkomité

Didrik Eide	Attval
Heidi Fure Klausen	Attval
Elin Nikoline Vie	Attval

Revisorar

Didrik Eide og Heidi Fure Klausen Attval

Det var ikkje andre framlegg til val enn innstillinga frå valnemnda.

Vedtak: Valnemnda sitt framlegg til nye styremedlemmer og utvalsmedlemmer er godkjent ved akklamasjon.

Styret la fram framlegg til valnemnd slik:

Valnemnd 2012

Eva Fitje Holme	Attval
Reidun Kjørvik Førde	Ny
Gunnar Eide	Ny

Det kom ikkje andre framlegg enn innstillinga til valnemnd.

Vedtak: Styret sitt framlegg til valnemnd er godkjent ved akklamasjon.

Sandane 6. februar 2012, Geir Skagen, referent